

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
015/19	Plan- og kommunalteknisk utval	PS	06.02.2019
006/19	Formannskapet	PS	13.02.2019
006/19	Heradsstyret	PS	20.02.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Siren Juliussen	16/341

Andre gongs handsaming - Plansak 12532016001 - Detaljregulering masseuttak Vevletveit

Vedlegg:

Plankart Detaljregulering masseuttak Vevletveit - Hauge
Føresegner Detaljregulering Masseuttak Vevletveit - Hauge 2019-01-22
Planskildring_Detaljregulering masseuttak Vevletveit - Hauge 2019-01-22
Vedlegg 11 VA-rammeplan Massetak på Vevletveit 2018-06-20
Vedlegg 04_ROS-analyse_Massetak på Vevletveit 2018-06-20
Vedlegg 05 Terrengsnitt A-C_L101_L102 2018-06-13
Vedlegg 14 Landskapskart L103 - Tilbakefylling 1 på 2 Massetak på Vevletveit 2018-06-13
Vedlegg 09 Støyvurdering Sweco 2016-11-07
Vedlegg 12 Teknisk teikning avkjørsel til massetak på Vevletveit D101 - avkjørsel 2017-10-21

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. I medhald av plan og bygningslova § 12-12 vert framlegg til Detaljregulering masseuttak Vevletveit Plan ID 12532016001 med føresegner, plankart og planskildring datert 22.01.2019, VA rammeplan 20.06.18. og tilhøyrande vedlegg vedteke.
2. Detaljregulering masseuttak Vevletveit gjeld framfor deler av Reguleringsplan for RV 567 Hauge – Lonevåg.

Plan- og kommunalteknisk utval - 015/19

PL - behandling:

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

PL - vedtak:

- "1. I medhald av plan og bygningslova § 12-12 vert framlegg til Detaljregulering masseuttak Vevletveit Plan ID 12532016001 med føresegner, plankart og planskildring datert 22.01.2019, VA rammeplan 20.06.18. og tilhøyrande vedlegg vedteke.
2. Detaljregulering masseuttak Vevletveit gjeld framfor deler av Reguleringsplan for RV 567 Hauge – Lonevåg."

Formannskapet - 006/19

FS - behandling:

AVRØYSTING

Innstillinga frå plan- og kommunalteknisk utval vart samrøystes tilrådd.

FS - vedtak:

Formannskapet si innstilling til heradsstyret:

1. "I medhald av plan og bygningslova § 12-12 vert framlegg til Detaljregulering masseuttak Vevletveit Plan ID 12532016001 med føresegner, plankart og planskildring datert 22.01.2019, VA rammeplan 20.06.18. og tilhøyrande vedlegg vedteke.
2. Detaljregulering masseuttak Vevletveit gjeld framfor deler av Reguleringsplan for RV 567 Hauge – Lonevåg."

Heradsstyret - 006/19

HS - behandling:

Andrea Hartveit, AP, bad om vurdering av sin gildskap i saka som niese til eigar av knuseverket, og med tilvising til at ho ved tidlegare behandlingar av saka har vore kjend ugild - ho tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap.

Kim A. Hartveit, FRP, bad om vurdering av sin gildskap i saka som nevø til eigar av knuseverket, og med tilvising til at han ved tidlegare behandlingar av saka har vore kjend ugild - han tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap.

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, bad om vurdering av sin gildskap i saka som onkel til eigar av knuseverket, og med tilvising til at han ved tidlegare behandlingar av saka har vore kjend ugild - han tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap.

Geir Olsen, AP, møtte som vara for Andrea Hartveit, John Tysse, FRP, møtte som vara for Kim A. Hartveit og Svein J. Bernes, FRP, møtte som vara for Ragnar J. Tyssebotn - 27 medlemmer/varamedlemmer til stades.

AVRØYSTING GILDSKAP

Andrea Hartveit, AP, vart samrøystes kjend ugild.

Kim Andre Hartveit, FRP, vart samrøystes kjend ugild.

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, vart samrøystes kjend ugild.

Vedtak om ugildskap vart gjort med heimel i fvl. § 6, 2. ledd *Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen han har nær personlig tilknytning til.*

AVRØYSTING

Formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

HS - vedtak:

"1. I medhald av plan og bygningslova § 12-12 vert framlegg til Detaljregulering masseuttak Vevletveit Plan ID

12532016001 med føresegner, plankart og planskildring datert 22.01.2019, VA rammeplan 20.06.18. og tilhøyrande vedlegg vedteke.

2. Detaljregulering masseuttak Vevletveit gjeld framfor deler av Reguleringsplan for RV 567 Hauge – Lonevåg."

Saksopplysningar:

SAKSOPPLYSNINGAR:

Planområdet er regulert til følgjande føremål:

1. Bygg og anlegg (*Pbl. § 12-5 ledd nr. 1*); Råstoffutvinning, massetak og steinbrot (BRU)
2. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (*Pbl. § 12-5 ledd nr. 2*); Offentleg veg (o_SV), Privat veg (SV), Annan veggrunn – teknisk (SVT)
3. Grønstruktur (*Pbl. § 12-5 ledd nr. 3*); Vegetasjonsskjerm (GV)
4. Omsynssone (*pbl. § 12-ledd nr. 6 & 11-8 a*); Sikringssone - Frisikt (H140), Sikringssone – Andre sikringsoner (H190), Faresone – høgspenning (H370), Sone med angitt særlege omsyn-Bevaring naturmiljø (H560)

Planforslaget omfattar:

- Plankart målestokk 1:500 datert 22.01.2019
- Føresegner datert 22.01.2019
 - Planskildring datert 22.01.2019
- VA-rammeplan datert 20.06.2018
- ROS-analyse datert 20.06.2018
- Terrensnitt datert 13.06.2018
- Landskapskart datert 13.06.2018
- Støyvurdering datert 07.11.2016
- Teknisk teikning avkøyrse til massetak datert 10.09.17

Bakgrunn for framlegg til plan

I arealdelen til kommuneplanen 2011-2023, planID 2010001, er området sett av til råstoffutvinning med omsynssoner for bevaring naturmiljø, H560_71 og gul støysone, H220. Det er sett krav til at arealet må detaljregulerast. Planavgrensinga for planframlegget er i tråd med kommuneplanen.

Mineralressursane på Vevletveit har god kvalitet og er godt eigna til grus- og pukkproduksjon. Då det er av nasjonal og regional interesse å ha lokale ressursar/forsyningar av grus og pukk er det hensiktsmessig å leggja til rette for god framtidig drift av masseuttaket. Reguleringsplanen bidreg til dette, samt sikrar tilbakeføring av området til landbruksføremål etter at uttaket er avslutta.

Andre tilhøve

I følgje kommunen sine register er ikkje tiltakshavar grunneigar for det regulerte området. Privatrettslege tilhøve bør avklarast i samsvar med søknad om tiltak.

Der uttak av masser skjer over eit lengre tidsrom og drifta er kommersiell, eller samla uttak av mineralførekomst er på meir enn 10 000 m³, er det krav om både reguleringsplan og driftskonsesjon med driftsplan etter minerallova. Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) handsamar søknader om driftskonsesjon og godkjenner driftsplan. Tiltakshavar for Vevletveit har førebels ikkje konsesjon etter minerallova og må søke dette etter eventuelt vedtak av reguleringsplanen.

I samband med at masseuttaket alt er i drift så har kommunen registrert at drifta/uttaket pr dato strekk seg utanfor avsatt grense for råstoffutvinning i Kommuneplanens arealdel og utanfor avsatt plangrense i framlegget. Dette må følgjast opp av kommunen etter gjeldande regelverk. Det er ikkje hensiktsmessig eller tilrådeleg å justere framleggets plangrenser og omfang på noverande tidspunkt då det ikkje vil vere i tråd med overordna plan og vil vere svært tidkrevande. Rådmannen tilrår at ein vedtek planframlegget som framlagt.

Skildring av framlegg til plan

Planen gjeld råstoffutvinning i eit lett tilgjengeleg og eksponert terreng på Vevletveit – Hauge. Planområdet er om lag 30 dekar stort og dekkjer eit eksisterande massetak, samt noko inntakt terreng. Det opphavlege terrenget er kupert, skrånande frå om lag 40 moh ved fylkesvegen opp til 75 moh på det høgste innanfor planområdet. Masseuttaket vil etterlate ei nær rektangulær grop i terrenget som vist i figurar side 31 i planskildringa med inntil 40 m høge sider/skjæringar. Planframlegget føreset at gropa skal fyllast og landskapet tilbakeførast til landsbruksnytte ved avslutting av masseuttaket.

Planen avgrensar område for råstoffutvinninga og skildrar korleis det skal takast omsyn til naturmiljø i nærleiken, og korleis området skal tilbakeførast til LNF etter endt uttak.

Deler av planframlegget er innanfor reguleringsplan for fv. 567 Hauge-Lonevåg. Dette gjeld deler av fv. 362, gjennom planområdet, fram til deponiområde ved Borgavatnet. Detaljregulering masseuttak Vevletveit vil erstatte Reguleringsplan for RV Hauge – Lonevåg der desse planane overlapper.

Planen er vurdert til ikkje å vere utgreiingspliktig etter «Forskrift om konsekvensutredningar for planer etter plan- og bygningsloven. Øvrige konsekvensar av planen kjem fram av ROS-analyse og planskildringa.

ROS-analysen er utført etter akseptkriteria og metodeval vedtatt av Osterøy kommune. I analysen er 22 hendingar vurdert som aktuelle. Etter risiko- og sårbarvurderinga kjem to av hendingane inn under gul sone. Dette er sårbar fauna og bratte skrentar/stup. Risiko for sårbar fauna og er knytt til ureining av Vevleelva/Borgovatnet og avbøtande tiltak er skildra i neste avsnitt. Sikring av bratte skrentar skal i driftstida ivaretakast gjennom sikringsplan/driftsplan. Føresegn §§ 2.5.5 og 2.5.6 omhandlar skjeringar/hellingsgrad for tilbakeført terreng etter avslutta drift. I tillegg er tre andre hendingar vurdert som sær sannsynleg, utan at desse er vurdert til å ha alvorleg konsekvens. Det gjeld store nedbørsmengder, støv/partiklar, støy og støy ved massetransport. Avbøtande tiltak for desse aktuelle hendingane er innarbeidd i føresengene under § 2.7. Dette sikrar førebygging av negative konsekvensar for liv, helse, ytre miljø og materielle verdiar.

I arealdelen til kommuneplanen er det lagt inn ei omsynssone H560_71, bevaring naturmiljø, der Lonelva med sidebekkar og 50 meter frå vasstreng inngår i sona. Det er registrert elvemusling i Lonevassdraget, som er svært sårbar for ureining og sedimentering. Det er derfor i reguleringsplanen lagt stor vekt på å hindre avrenning av sediment, kjemikalier eller anna form for ureining. Det skal etablerast sedimentasjonsbasseng innanfor massetaket som er tilstrekkeleg stort for å kunne ta unna avrenning frå heile massetaket jamfør føresegn §§ 2.1.4 og 2.4.1. Vatn frå massetaket skal leiast til filtrering i grunnen, og ikkje sleppast direkte ut i resipient. Føresegn §§ 2.7.3, 2.7.5 og 3.1.2 sikrar vidare at ureina vatn ikkje blir slept ut i vassdraget og at målingar av utslepp vert utført etter krav i ureiningsforskrifta og rapportert til kommunen. Plassering av sedimentasjonsbasseng er juridisk bindande jf føresegn § 3.1.1, som vist i VA-rammeplan.

Endringar etter høyring og offentleg ettersyn:

Spesifikke krav til innhald i driftsplan er teke ut etter merknad frå DMF. For å erstatte punkt som utgår i tidlegare føresegn 2.2.1 og for framleis å ivareta omsyn til sårbar natur og hindre ureining av verna vassdrag er nytt rekkefølgekrev 2.1.4 lagt inn, og føresegn 2.7.5 er utvida med krav om plan for målingar/prøvetaking av utsleppsvatn, fastsetting av grenseverdiar og tiltak ved eventuelle grenseoverskridingar.

Etter merknad frå DMF er også tidlegare føresegn 2.5.6 teke ut. Det vil ikkje lengre vere mogleg å velje hellingsgrad/ulikt landbruksføremål for tilbakeføring av terreng. Området skal tilbakeførast til LNF med helling på maks 1:2.

Merknad frå Statens Vegvesen om at dei skal godkjenne avkøyrslø SV2 til massetaket er etterfulgt.

Oppsummering av innkomne merknader følgjer under.

Rekkjefølgjekrav lagt inn i føresegn etter innkomne merknadar;

1.

2.1.4 Før vidareføring av drift skal sedimentasjonsbasseng jamfør §§ 2.4.1 og 2.7.5 vere søkt om, opparbeid og ferdigstilt.

Andre endringar i føresegn;

2.

2.1.3 Endra frå:

Før vidareføring av drift skal avkøyrslø SV2 til massetaket vere ferdig opparbeida.

Til:

Før vidareføring av drift skal byggeplan for tiltak i tilknytning til fylkesvegen vere godkjend av Statens vegvesen og avkøyrslø SV2 til masseuttaket vere ferdig opparbeida.

3.

2.2.1 Endra frå:

Det skal utarbeidast ein driftsplan for massetaket. Driftsplanen skal godkjennast av direktoratet for mineralforvaltning (DMF). Driftsplanen skal innehalde:

- Informasjon om stad for uttak og topografisk tilhøve.*
- Informasjon om mineralførekomsten.*
- Planlagt uttak og opprydding.*
- Plan for sikringstiltak, jf. § 6.2.*
- Beredskapsplan og tiltaksplan for oljehell.*
- Plan for målingar/prøvetaking av utsleppsvatn, fastsetting av grenseverdiar, og tiltak ved eventuelle grenseoverskridingar.*
- Plan for luftbåren ureining/støvnedfallsmålingar jf. § 2.7.2, fastsetting av grenseverdiar, og tiltak for eventuelle grenseoverskridingar.*
- Plan for vedlikehald av sedimentasjonsbasseng.*
- Omsyn til natur og omgjevnader.*
- Plan for varsling av omgjevnadene ved sprenging.*
- Vurdering av behov for berekning av vibrasjonar.*
- Plan for sikring og opprydding etter enda drift (Avslutningsplan).*
- Varigheit for bruk og avslutning av anlegget.*

Til:

Det skal utarbeidast ein driftsplan for massetaket. Driftsplanen skal godkjennast av direktoratet for mineralforvaltning (DMF) i samband med regulering av driftskonsesjon. Driftsplanen skal

sendast til kommunen til uttale før den sendast til DMF for handsaming

4. **2.5.1** Endra frå:

Ved tilbakeføring av massetaket skal kommunen sine retningsliner for estetikk, arkitektur og landskap og kommuneplanen sin arealdel § 1.6 og § 1.8 leggest til grunn. Dersom området skal nyttast til landbruk med helling på 1:2, skal Landskapsplan datert 13.06.2018 vere retningsgjevande for landskapsutforminga.

Til:

Ved tilbakeføring av massetaket skal kommunen sine retningsliner for estetikk, arkitektur og landskap og kommuneplanen sin arealdel § 1.6 og § 1.8 leggest til grunn. Landskapsplan datert 13.06.2018 skal vere retningsgjevande for landskapsutforminga.

5. **2.5.5** Endra frå:

Dersom området vert tilbakeført til LNF-formål med helling på 1:2 skal arealet såast til med stadeigen vegetasjon, t.d. tørreng.

Til:

Området skal tilbakeførast til LNF-formål med helling på maksimalt 1:2. Topplaget skal ha steinfri torv- og eller mineraljord og såast til med anten stadeigen vegetasjon, t.d. tørreng eller gras til grasproduksjon. Det kan også plantast til med stadeigne tre og buskar som ikkje hindrar beite.

6. **2.5.6** Sletta:

Dersom området vert tilbakeført til LNF-formål med helling på 1:4 skal topplaget ha steinfri torv- og/eller mineraljord. Myr- og torvmassane skal ikkje verte blanda med vanleg mineraljord. Det kan såast til med anten stadeigen vegetasjon, eller gras berekna til grasproduksjon.

7. **2.5.6** Ny:

Opp mot bergskjeringane skal det fyllast opp med lausmassar for å dempe skjeringshøgda ved avslutta drift. Arrondering skal tilpassast terreng og topografi i tilstøyting til uttaket. Høgdeskilnader i terreng /bergskjeringar skal ikkje overstige 2 m.

8. **2.7.5** Endra frå:

Tiltakshavar er ansvarleg for å sikre naudsynte tiltak for å hindre ureining frå planområdet,

jf. ureiningslova § 7. Det gjeld mellom anna sandfang, sedimentasjonsbasseng, filtduk og andre naudsynte tiltak. Prosjektering og utføring skal gjennomførast av føretak med relevant kompetanse knytt til hydrologi, biologi, kjemi eller andre fagområde som kan vere relevante. Det skal takast regelmessige prøvar av overvatn, sandfang og bekk nedstraums frå massane. Intervall for prøvetaking og innsending av resultat til kommunen skal fastsettast i driftsplan.

Til:

Tiltakshavar er ansvarleg for å sikre naudsynte tiltak for å hindre ureining frå planområdet, jf. ureiningslova § 7. Det gjeld mellom anna sandfang, sedimentasjonsbasseng, filtduk og andre naudsynte tiltak, og plan for målingar/prøvetaking av utsleppsvatn med fastsetting av grenseverdiar, og tiltak ved eventuelle grenseoverskridingar. Prosjektering og utføring skal gjennomførast av føretak med relevant kompetanse knytt til hydrologi, biologi, kjemi og/eller andre fagområde som kan vere relevante. Det skal takast regelmessige prøvar av overvatn, sandfang og bekk nedstraums frå massane. Kopi av rapport skal sendast kommunen minimum halvårleg. Plan for målingar/prøvetaking av utsleppsvatn, skal følgje søknad om løyve til bygging av sedimentasjonsbasseng.

Endringar i plankart:

1. Ingen

Planskildring:

1. Kap. 7.3.1 Råstoffutvinning er endra i samsvar med reviderte føresegner
2. Kapittel 7.3.2 Tilbakeføring av landskap etter avslutta drift er endra
3. kapittel 8.3 Landbruk er endra
4. kapittel 8.4 Landskap og estetikk endra.
5. Kap 10 inkluderer no opphavleg merknad frå DMF

Merknader til planframlegget:

Nr	Dagsett	Offentleg instans	Merknad	Forslagstillar sin kommentar
1	05.10.17	Noregs Vassdrags og Energidirektorat (NVE)	NVE prioriterer å gi innspel og uttalar til overordna planar og rettleiing/opplæring til kommunar med store utfordringar innanfor vårt saksområde. I tillegg prioriterer vi å gi uttalar til reguleringsplanar der det vert	Teke til orientering

			<p>bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Dette går fram av brev til kommunane datert 29.09.2017 om «NVEs bistand og verktøy i arealplanleggingen», der vi ber kommunen om å skrive tydeleg i oversendingsbrevet kva ein eventuelt ynskjer hjelp til i den enkelte sak. I denne saka kan vi ikkje sjå at det er bede om slik hjelp. NVE gjev difor ikkje konkret fråsegn i denne saka.</p>	
2	05.10.17	Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF)	<p>Uttale til saka</p> <p>DMF gjer merksam på at våre merknader til oppstart ikkje er nemnd i saksframlegget og ikkje teke med under kapittel 10 -Merknader i planskildringa.</p> <p><u>Rekkjefølgjekrav</u></p> <p>DMF ser positivt på at kommunen set rekkjefølgjekrav om godkjend driftsplan for vidareføring og avslutning av drift av uttaket .</p> <p><u>Føresegner</u></p> <p>Det bør ikkje settast føresegner for teknisk drift av masseuttaket da dette skal regulerast i driftskonsesjon med driftsplan godkjend av DMF, jf. mineralloven§ 43. I denne samanhengen skal det sikrast at uttak av ressursen vil bli gjort på ein bergteknisk forsvarlegmåte. Om det likevel settast slike føresegner i reguleringsplan må det forklarast kvifor i planomtala. DMF ber derfor om at punkt 2.2.1, som omtalar innhaldet i driftsplana ,takast ut av planføresegnene.</p> <p>Vi ber og om at reguleringsplana ikkje set nedre grense for uttak av massane, med mindre det er særskilde årsakar til dette.</p>	<p>Dette er retta opp, kap. 10</p> <p>Føresegn 2.2.1 er endra. Detaljar i innhaldet i driftsplanen er tatt ut. Krav om driftsplan og at denne skal sendast til kommunen for uttale før oversending til DMF er oppretthalde i føresegnene. Kap. 7.3.1 Råstoffutvinning i planskildring er endra.</p> <p>Føresegn 3.1.5 om nedre grense for uttak er oppretthalde for å sikre sedimentbasseng og unngå krater i terrenget for negativ fjernverknad.</p>

			<p>I føresegnene punkt 2.5.7 bør høgder og avstandar av terrassering/pallar takast ut, då dette må fastsettast med grunnlag i bergfagleg forsvarleg drift og vil bli teke vare på i driftsplana. DMF tilrå der i staden å sette krav til at det skal fyllast opp med lausmassar opp mot bergskjeringane for å dempe skjeringshøgda.</p> <p><u>Omsyn til landskapsbiletet</u></p> <p>Område for uttak skjer seg inn i toppen av ein markant og eksponert åsrygg. DMF tilråder å leggje uttaksgrensa på innsida av åsryggen. Grenselinje for uttak bør starte i skjeringspunktet mellom faresone H370 sin nordlige grense og grensa for sikring mot nordaust, og førast i rett linje til om lag 8 meter sørvest for der same linje for sikring endar. Dette vil ha stor positiv innverknad på landskapsbiletet då ein tek vare på silhuettlinja over åsryggen. Åsryggen vil og forsterke sikringa på denne sida av uttaketog fungere som ein naturleg del av sikringssona.</p> <p>I plankartet er sikringssona i sørvest lagt inn som ein del av vegetasjonsskjermen mot vegen og elva. Sikringssona vil føre til fjerning av vegetasjon, og vegetasjonsskjermens reelle bredde vil derfor bli mellom 6 og 10 meter. Dette er for smalt til å gi ein tilfredsstillande skjermeffekt. DMF tilråder at det settast av 20 meter vegetasjonsskjerm, og at sikringssona leggjast innanfor vegetasjonsbeltet.</p>	<p>Føresegn 2.5.7 er endra. Nytt nummer er 2.5.6. Murhøgder og avstandar til terrassering/pallar er tatt ut. Det er set krav om fylling av lausmasser opp mot bergskjeringane og arrondering tilpassa omgjevnadene</p> <p>Grenser for planlagt uttak av massar skal fastsettast i driftsplan. Reguleringsformål BRU viser området som er avsett til masseuttak og er i samsvar med kommuneplanen. Det vert ikkje gjort endringar i plankart og føresegner då grenser for uttak og volum vert sett i driftsplan. Det er set krav i føresegn 2.5.1 - 2.5.6 til tilbakeføring som skal sikre at det etter avslutta drift vil vere ein god overgang mellom uttaksområde og åsryggen. Det er ikkje gjort endringar i plandokumenta på dette punktet.</p> <p>GV skal sikre at markant høgdedrag vert tatt vare på mot Vevleelva. Vegetasjonen i seg sjølv har ikkje vore bestemmande for storleiken på denne sona. Breidda på dagens vegetasjon er frå vegkant Vevleelva og til uttak mellom 10-12 meter. Vegetasjon og massar utover denne sona er i dag allereie fjerna i dei siste års drift. I føresegn 5.1.1 er det krav om at terreng og vegetasjon vert oppretthaldt og at opphavelag vegetasjon skal takast vare. Det er ikkje gjort endringar i plandokumenta</p>
--	--	--	---	--

			<p>Det bør også settast av areal for vegetasjonsskjerm mot nordvest, der det finst eksisterande vegetasjon i dag. Eksisterande vegetasjon vil her snevre inn innsynet til uttaket frå denne sida av uttaksområdet.</p> <p><u>Etterbruk og istandsetting</u></p> <p>DMF ser positivt på at reguleringsplana beskriv ønska etterbruk og sett krav til istandsetting. DMF oppmodar til å sjå på teksten i planskildringa og føresegnene som omhandlar dette, då ønska etterbruk synast uklar og tidvis motstridande.</p> <p>Planskildringa beskriv to alternativ til etterbruk; beiting og landbruk. Kommunen bør ta stilling til kva etterbruk som er føremålstenleg og sette krav i føresegnene ut i frå dette;</p> <p>Alt 1, beiting</p> <p>DMF tilrår å ta vare på topplaget med jord/botnvegetasjon som er attende i uttaket, og lagre desse massane slik at den naturlege frøbanken ivaretakast i mellomlagringa. Naturleg revegetering vil medverke til vekst av naturleg vegetasjon som er mest mulig lik omgivnadene. Revegeteringa kan forsterkast med mindre mengd frøblanding som harmonerer med stedeigen vegetasjon. Plana for attendefylling som føresegnene visar til kan her brukast som prinsipp for formgjeving, men med ei tilpassing der ein tek vare på</p>	<p>på dette punktet.</p> <p>I nordvest er denne delen av kollen allereie tatt ut og vegetasjon eksisterer ikkje lenger her. Ei utviding av vegetasjonsskjerm her vil ikkje vere hensiktsmessig.</p> <p>Begge alternativa er landbruk, LNF. Men eit alternativ er tilbakeføring til beite, helling 1:2, og eit alternativ er det mogleg med maskinelt landbruk, helling 1:4. Tilstøytande areal er i dag i bruk som landbruk, beite. Tilbakeføring til beite med maks helling 1:2 er også alternativet som gjev minst synlege skjeringar og dermed best landskapstilpassing. Ein har difor set krav om tilbakeføring til landbruk, beite med maks helling 1:2. Føresegn 2.5.1, 2.5.2, 2.5.5 og 2.5.6 er endra. I planskildringa er kapittel 7.3.2 Tilbakeføring av landskap etter avslutta drift, kapittel 8.3 Landbruk og kapittel 8.4 Landskap og estetikk endra.</p>
--	--	--	--	--

åsryggen.

Alt 2, landbruk

Ved etablering av landbruksjord tilråder DMF at det nyttast massar jamfør aktuelt regelverk. Terrenget bør arronderast med bratt helling ned den nye åssida og flatast ut mot innkjørsel. Tilrådd helling for landbruksdrift er 1:7. Åsryggen bør takast omsyn til.

DMF tilrår at terrasseringane/pallane settast i stand ved å fylle opp med lausmassar for å dempe skjeringshøgda og at desse fyllingane vegeterast for å ta vare på landskapsbildet. DMF tilrår at kommunen beskriv dette i føresegnene. Her bør det nyttast stedeigen toppmasse, som takast av og lagrast som omtala ovanfor, for å bidra til vekst av naturleg vegetasjon som er mest mulig lik omgivnadene. For å dempe inngrepet i terrenget raskast mogleg bør revegeteringa forsterkast med mindre mengd frøblanding som harmonerer med stedeigen vegetasjon. Det bør og plantast tre og busker med stedeigen karakter, dersom berget sine gologiske eigenskapar tillet slik vegetering.

Føresegnene bør omtale arrondering i overgang til omgivnadene etter at uttaket er avslutta. DMF tilråder at bergveggane tilpassast eksisterande terreng, og at framtidig område for LNF og omgivnader skal formast slik at desse områda får ein naturleg overgang.

Føresegn 2.5.6 er endra, det er set krav om oppfylling med lausmassar og krav til arrondering i tilpassing til tilstøytande terreng og topografi. Føresegn 2.5.5 er endra med krav om tilbakeføring til LNF med maksimal helling 1:2 og krav til dekke og vegetasjon.

3	15.10.18	Fylkesmannen i Hordaland	Fylkesmannen har ingen merknader til planen	Teke til orientering
4	17.10.18	Statens Vegvesen	Føreset at tidlegare nemnde krav i uttale 15.07.206 vert oppretthaldt. Statens vegvesen ber om krav om at det i føresegnene vert innarbeida krav om byggeplan for tiltak i tilknytning til fylkesvegen skal vere godkjent av Statens vegvesen før det kan gjevast igangsettingsløyve til slike tiltak. · Statens vegvesen meiner deira interesser er i vareteke i planforslaget	Planområdet er utvida til å omfatte fylkesvegen. Teknisk teikning vart godkjent av SVV før utlegging til offentlig ettersyn. Krav om byggegrense på 15 meter og siktsoner er lagt inn i plankart, samt rekkefølgekav til opparbeiding av avkøyrsløp er tatt inn i føresegnene. · Krav om byggeplan er innarbeida i føresegn 2.1.3
5	25.10.18	Hordaland fylkeskommune	Vi støttar vurderinga i planen om at Osterøy er avhengig av grus- og pukkproduksjon for å vere sjølvforsynt med massar til tekniske formål. Det er føremålstenleg å sikre vidare uttak av dei resterande massane framfor å starte uttak nye stader. Vi er nøgd med at det er utarbeidd reguleringsplan med tilbakeføring av masseuttaket til landbruksareal. Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planforslaget	Teke til orientering

1. NVE

Rådmannen sin kommentar:

Teke til orientering

2. DMF

Rådmannen sin kommentar:

Rådmannen stettar plankonsulent sine vurderingar. Kommunen er særskilt opptatt av at omsynet til Borgovatnet og førekomsten av elvemusling blir ivaretatt og har derfor lag til grunn at krav om sedimentasjonsbasseng og førehandsreglar mot ureining må ivaretakast i reguleringsplanen. Vidare er kommunen opptatt av best mogleg føresetnader for tilbakeføring av terrenget etter endt virksomhet og har derfor anbefalt å behalde føresegn om maks skjeringshøgde og nedre grense for uttak. Føresegn 3.1.5 vert ikkje endra, då det ikkje er ynskjeleg med terrengendring lågare enn normal vasstand (34 m.o.h) ved Borgovatnet av omsyn til landskap/ureining/sårbar natur. Nokre av

anbefalingane frå DMF i høve terrengtilpassing/vegetasjonsskjerm har ikkje vore hensiktsmessige/mogleg å etterfølgje ettersom uttaket allereie er i drift.

3. Fylkesmannen i Hordaland

Rådmannen sin kommentar:

Teke til orientering

4. Statens Vegvesen

Rådmannen sin kommentar:

Rådmannen stettar plankonsulent sine vurderingar

5. Fylkeskommunen i Hordaland

Rådmannen sin kommentar:

Teke til orientering

RÅDMANNEN SI VURDERING

Rådmannen vurderer at merknadene til planframlegget har vore avgrensa i omfang og er i stor grad innarbeid i planframlegget. Endringane av planframlegget, som i hovudsak gjeld føresegnene, bidreg til å presisere og gjere det lettare å handheve hensikta bak omsyna dei skal ivareta. Dette gjeld særskilt merknaden til DMF. Endringane er ikkje av slik karakter at planframlegget er prinsippielt endra og rådmannen vurderer at det ikkje nausynt med ny høyring og offentleg ettersyn.

Naturmangfaldslova (NML) stiller krav til utgreiing av naturmangfald, jf. §§ 8-12, ved offentleg forvaltning av fast eigedom, herunder arealplanlegging, jf §7 i NML. Rådmannen kjenner ikkje til sårbare artar eller naturtypar i området som ikkje er fanga opp av utgreiingane i planarbeidet, jf planskildringa.

Med bakgrunn i saka slik den er gjort greie for rår rådmannen til at Detaljregulering masseuttak Vevletveit - Hauge ID 12532016001 vert vedteken slik den ligg føre.

